

Lindås kommune

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Kari Morvik

Telefon: 90734161

Vår referanse: 17/18105

Dykkar 17/2017 - 17/33530

referanse:

Dato: 28.11.2017

Att:

Eilin Houlison Molvik

Uttale til Lindås kommune Hordaland - søknad om dispensasjon - Oppføring av tilbygg gnr245 bnr18 Kvamme

Vi viser til brev datert 27.11.2017.

Våre ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i plansaker er å sikre at marint biologisk mangfold og fiskeri- og akvakulturinteressene i området, både noverande og framtidige, blir ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Vi ser det som særlig viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til viktige marine ressursområde som til dømes gytefelt. Å oppretthalde det marinbiologiske mangfaldet er naudsynt for å sikre ei framtidig hausting av marine ressursar og det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og ikring det aktuelle området.

Føremål og planstatus

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet for endring av eksisterende fritidsbustad, riving av eksisterande naust samt gjenoppbygging av naust med båtopptrekk og platting.

Våre innspel

Oversikt over fiskeri- og akvakulturinteresser samt marint biologisk mangfold i området finn de på <http://kart.fiskeridir.no>

Vi har registrert et gytefelt for kysttorsk på austsida av Hindenesfjorden mellom Furevikneset og Kvommaneset. Området er i tillegg registrert som et område der det blir fiska etter torsk med faststående bruk (passiv reiskap). I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald har HI registrert heile Hindnesfjorden som lokalt viktig gytefelt for kysttorsk. Torsken sin gyteperiode er februar til april.

Gyteområde som er registrerte av oss, og som og er registrerte som viktige fiskeområde, er baserte på intervju med fiskarar. Det er truleg her torsken står i gyteperioden. HI sin metode for registrering av gytefelt er basert på planktontrekk der dei kartlegg tettleik av fiskeegg i trekka. Registreringane til HI dekker derfor eit større geografisk område enn våre registreringar. Det omsøkte tiltaket er lite, men under utbygging bør det bli tatt omsyn til gyteområdet. I nærleiken av viktige gyteområde for kysttorsk bør ein unngå sprengning i gytetiden. Ut over dette har vi ingen merknader til dispensasjonssøknaden.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914

ISDALSTØ

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen

Postboks 6040

5892

BERGEN